



MØTEPROTOKOLL

Utval: Administrasjonsutvalet

Møtedato 14.03.2019

Møtetid: Kl. 13:00 - 14:20

Møtestad: Kommunehuset

Av 8 medlemmer møtte 8, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Knut Harald Frøland	BL
Oddrun Lemme Sandvin	FF
Tvedterås, Bjørg	FF
Øyvind Strømmen	MDG
Monica Tjønna	SP
Hilde Maraas Aarvik	UF

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Olaug Karin Øystese	A	Nils Aadland	A
Odd Arne Haga	FRP	Lena Tveit	BL

Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Charlotte Hageberg, rådmann
- Anette Følid, leiar løn og personal
- Jan Erik Boge, rådgjevar

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 15.03.2019

Knut Harald Frøland
ordførar

Jan Erik Boge
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/2019	19/262	Faste saker	
002/2019	19/250	Revisjon av lønspolitisk plan	
003/2019	19/251	Revisjon av personalvedtekter	
004/2019	18/1210	Arbeidstid og spisepausar for tilsette i Samnanger kommune - ny handsaming 14.03.2019	
005/2019	18/509	Løn til assistentar/ufaglærte med lang ansiennitet og same arbeidsoppgåver som fagarbeidarkollegaer	
006/2019	18/1210	Reisetid og deltaking på kurs/seminar/konferansar utanfor ordinær arbeidstid - spørsmål om kompensasjon	

SAKNR. 001/2019: Faste saker

14.03.2019 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Godkjent utan merknader.

Eventuelle merknader tiil protokoll frå førre møte

Ingen merknader.

Utvalet sitt kvarter

Ingen saker.

Orienteringssaker

Status for overføring av kommunen si IKT-drift til IKT Nordhordland

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om status. IKT-drifta for skulane og helsetunet er allereie overført til IKT Nordhordland. IKT-drifta for dei andre einingane skal overførast rundt månadsskiftet mars/april.

Tilsetjing av rådgjevar (jurist)

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at Pål Strand er tilsett som rådgjevar (jurist) i administrasjonen. Han startar i stillinga i juni.

Organisering av administrasjonen

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at det vil bli endringar i den administrative organsieringa i kommunen. Sektorleiarnivået vil gå ut og bli erstatta med rådgjevarstillingar.

Samrøystes vedtak.

ADM- 001/2019 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 002/2019: Revisjon av lønspolitisk plan

14.03.2019 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ADM- 002/2019 Vedtak:

Rådmannen får ansvar for å utarbeida framlegg til revidert lønspolitisk plan til administrasjonsutvalet sitt neste møte, 09.05.2019. Heile planen (både del I og II) skal reviderast. Rådmannen vurderer og avgjer korleis arbeidet skal leggjast opp. Fagforeiningane må involverast i arbeidet, i samsvar med reglane i avtaleverket.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får ansvar for å utarbeida framlegg til revidert lønspolitisk plan til administrasjonsutvalet sitt neste møte, 09.05.2019. Heile planen (både del I og II) skal reviderast. Rådmannen vurderer og avgjer korleis arbeidet skal leggjast opp. Fagforeiningane må involverast i arbeidet, i samsvar med reglane i avtaleverket.

SAKNR. 003/2019: Revisjon av personalvedtekter

14.03.2019 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Nils Aadland (A) tok opp at personalvedtektene bør vera eit dynamisk og elektronisk dokument, der det kan gjerast nødvendige endringar/justeringar utan at vedtektene må opp til ny handsaming. Administrasjonen vil ta dette med seg i arbeidet med revisjonen av vedtektene.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ADM- 003/2019 Vedtak:

Rådmannen får ansvar for å utarbeida framlegg til reviderte personalvedtekter til administrasjonsutvalet sitt neste møte, 09.05.2019. Rådmannen vurderer og avgjer korleis arbeidet skal leggjast opp. Fagforeiningane må involverast i arbeidet, i samsvar med reglane i avtaleverket.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får ansvar for å utarbeida framlegg til reviderte personalvedtekter til administrasjonsutvalet sitt neste møte, 09.05.2019. Rådmannen vurderer og avgjer korleis arbeidet skal leggjast opp. Fagforeiningane må involverast i arbeidet, i samsvar med reglane i avtaleverket.

SAKNR. 004/2019: Arbeidstid og spisepausar for tilsette i Samnanger kommune - ny handsaming 14.03.2019

14.03.2019 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Nils Aadland (A) foreslo å ta inn eit tillegg i vedtaksframlegget, om at rådmannen må involvera dei tillitsvalde i vurderingane om arbeidstidsordningar slik at ein får ei omforent forståing mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde. Det vart ikkje røysta over eit slikt tillegg, men administrasjonen vil ta forslaget/innspelet frå Nils Aadland med seg i det vidare arbeidet i saka.

Det var semje om at det på neste møte i administrasjonsutvalet skal leggjast fram sak om avslutning av den noverande ordninga med ulik arbeidstid i sommar- og vinterhalvåret for kontoradministrasjonen. Rådmannen har ansvaret for at denne saka vert lagt fram.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

ADM- 004/2019 Vedtak:

Rådmannen skal saman med einingsleiarane gå gjennom dei noverande arbeidstidsordningane for tilsette i kommunen, for å vurdere om ordningane er i samsvar med gjeldande reglar i lov- og avtaleverket og tidlegare vedtak og avtalar gjort i Samnanger kommune. Det skal i gjennomgangen òg sjåast på om det er likebehandling i kommunen med omsyn til kva grupper som har betalt og ikkje-betalt spisepause. Dersom rådmannen meiner det bør gjerast endringar i arbeidstidsordninga for ei eller fleire grupper av tilsette, må gjeldande prosedyreregler knytt til slike endringar følgjast.

Følgjande generelle reglar skal gjelda for spisepausar for tilsette i Samnanger kommune:

1. Som hovudregel er spisepausen for tilsette i kommunen 30 minuttar. Dersom dette er praktisk vanskeleg å gjennomføra av tenestlege omsyn, kan spisepausen verta korta ned til minimum 20 minuttar. Rådmannen (eller den rådmannen delegerer dette myndet til) tek avgjerd om lengda på spisepausar.
2. Dersom det oppstår tvil/usemje om ei gruppe av tilsette skal ha betalt eller ikkje betalt spisepause, skal rådmannen (eller den rådmannen delegerer dette myndet til) ta avgjerd etter reglane i gjeldande lov- og avtaleverk.
3. Dersom ein tilsett som normalt har ubetalt spisepause, ikkje får høve til å ta pause som oppfyller krava i Arbeidsmiljølova til ubetalt spisepause, har den tilsette krav på betalt spisepause den aktuelle dagen.
4. Tilsette på ein arbeidsplass har ikkje rett på felles spisepause, men dersom tenesta ikkje er til hinder for det bør det leggjast opp til felles spisepausar på arbeidsplassane.
5. Tidspunktet for spisepause kan unntaksvis forskyvast opptil ein time i forhold til normaltidspunkt for spisepause (opptil ein time fram eller ein time tilbake) utan at dette vert kompensert økonomisk.
6. Tilsette i kontorstillingar på kommunehuset skal framleis ha den arbeidstidsordninga som går fram av forhandlingsprotokoll frå 1987 (samt godkjenning i Formannskapet frå same år), jf sikringsregel i Hovudtariffavtalen, kapittel 1, § 4.2.1. Arbeidstida for denne gruppa er 38 t. 10 min. pr. veke inkludert spisepause (som gjennomsnitt i løpet av eit kalenderår).
7. For tilsette som har ubetalt spisepause, skal tenesta leggjast opp slik at dei fritt skal kunna forlata arbeidsstaden i spisepausen. Dersom dette vilkåret ikkje er oppfylt, skal spisepausen vera betalt.
8. Rådmannen (eller den rådmannen delegerer dette myndet til) avgjer om spisepausen for ei gruppe av tilsette er fritid eller ikkje, ut frå reglane ovanfor og reglane i Arbeidsmiljølova.

Rådmannen får i oppgåve å vurdere om nokon andre grupper kjem inn under den same arbeidstidsordninga som tilsette på kommunehuset. Denne vurderinga må gjerast på grunnlag av gjeldande reglar i lov- og avtaleverket, samt tidlegare vedtak og avtalar som er gjort i Samnanger kommune.

Dette vedtaket opphevar punkt 3 i administrasjonsutvalet sitt vedtak gjort 05.06.2009 i sak 004/2009.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen skal saman med einingsleiarane gå gjennom dei noverande arbeidstidsordningane for tilsette i kommunen, for å vurdere om ordningane er i samsvar med gjeldande reglar i lov- og avtaleverket og tidlegare vedtak og avtalar gjort i Samnanger kommune. Det skal i gjennomgangen òg sjåast på om det er likebehandling i kommunen med omsyn til kva grupper som har betalt og ikkje-betalt spisepause. Dersom rådmannen meiner det bør gjerast endringar i arbeidstidsordninga for ei eller fleire grupper av tilsette, må gjeldande prosedyrereglar knytt til slike endringar følgjast.

Følgjande generelle reglar skal gjelda for spisepausar for tilsette i Samnanger kommune:

1. Som hovudregel er spisepausen for tilsette i kommunen 30 minuttar. Dersom dette er praktisk vanskeleg å gjennomføra av tenestlege omsyn, kan spisepausen verta korta ned til minimum 20 minuttar. Rådmannen (eller den rådmannen delegerer dette myndet til) tek avgjerd om lengda på spisepausar.
2. Dersom det oppstår tvil/usemje om ei gruppe av tilsette skal ha betalt eller ikkje betalt spisepause, skal rådmannen (eller den rådmannen delegerer dette myndet til) ta avgjerd etter reglane i gjeldande lov- og avtaleverk.
3. Dersom ein tilsett som normalt har ubetalt spisepause, ikkje får høve til å ta pause som oppfyller krava i Arbeidsmiljølova til ubetalt spisepause, har den tilsette krav på betalt spisepause den aktuelle dagen.
4. Tilsette på ein arbeidsplass har ikkje rett på felles spisepause, men dersom tenesta ikkje er til hinder for det bør det leggjast opp til felles spisepausar på arbeidsplassane.
5. Tidspunktet for spisepause kan unntaksvis forskyvast opptil ein time i forhold til normaltidspunkt for spisepause (opptil ein time fram eller ein time tilbake) utan at dette vert kompensert økonomisk.
6. Tilsette i kontorstillingar på kommunehuset skal framleis ha den arbeidstidsordninga som går fram av forhandlingsprotokoll frå 1987 (samt godkjenning i Formannskapet frå same år), jf sikringsregel i Hovudtariffavtalen, kapittel 1, § 4.2.1. Arbeidstida for denne gruppa er 38 t. 10 min. pr. veke inkludert spisepause (som gjennomsnitt i løpet av eit kalenderår).
7. For tilsette som har ubetalt spisepause, skal tenesta leggjast opp slik at dei fritt skal kunna forlata arbeidsstaden i spisepausen. Dersom dette vilkåret ikkje er oppfylt, skal spisepausen vera betalt.
8. Rådmannen (eller den rådmannen delegerer dette myndet til) avgjer om spisepausen for ei gruppe av tilsette er fritid eller ikkje, ut frå reglane ovanfor og reglane i Arbeidsmiljølova.

Rådmannen får i oppgåve å vurdere om nokon andre grupper kjem inn under den same arbeidstidsordninga som tilsette på kommunehuset. Denne vurderinga må gjerast på grunnlag av gjeldande reglar i lov- og avtaleverket, samt tidlegare vedtak og avtalar som er gjort i Samnanger kommune.

Dette vedtaket opphevar punkt 3 i administrasjonsutvalet sitt vedtak gjort 05.06.2009 i sak 004/2009.

SAKNR. 005/2019: Løn til assistentar/ufaglærte med lang ansiennitet og same arbeidsoppgåver som fagarbeidarkollegaer

14.03.2019 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Under debatten vart det stilt spørsmål om det ved nytilsetjing vert stilt krav om formell kompetanse på fagarbeidarnivå eller høgare for alle stillingar i kommunen. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at det ikkje alltid vertstilt slikt krav, og at det er viktig at det i nokre tilfelle er opning for at personar utan formell utdanningskompetanse kan få moglegheit til jobb i kommunen.

Leiar løn og personal Anette Følid orienterte om at kommunen prøver å leggja til rette for at tilsette kan ta fagbrev, og at fleire tilsette no held på med fagarbeidarutdanning.

Anette Følid orienterte òg om den nye ordninga "*Fagbrev på jobb*", der personar som er i løna arbeid kan verta realkompetansevurdert, få opplæring på arbeidsplassen og ta fagbrev på grunnlag av dette.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 6 mot 2 røyster.

For	Imot
<ul style="list-style-type: none">· Knut Harald Frøland (Bl)· Lena Tveit (Bl)· Nils Aadland (A)· Monica Tjønnå (Sp)· Øyvind Strømmen (Mdg)· Hilde M. Aarvik (Utdanningsforbundet)	<ul style="list-style-type: none">· Oddrun L. Sandvin (Fagforbundet)· Bjørg Tvedterås (Fagforbundet)

ADM- 005/2019 Vedtak:

Uttale frå administrasjonsutvalet:

Administrasjonsutvalet tilrår ikkje at kommunen innfører ordning med fagarbeidarløn til ufaglærte med lang ansiennitet.

Kommunen må ha fokus på å leggja til rette for at ufaglærte får høve til å ta fagbrev.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Uttale frå administrasjonsutvalet:

Administrasjonsutvalet tilrår ikkje at kommunen innfører ordning med fagarbeidarløn til ufaglærte med lang ansiennitet.

Kommunen må ha fokus på å leggja til rette for at ufaglærte får høve til å ta fagbrev.

SAKNR. 006/2019: Reisetid og deltaking på kurs/seminar/konferansar utanfor ordinær arbeidstid - spørsmål om kompensasjon

14.03.2019 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Hilde M. Aarvik (Utdanningsforbundet) viste til ein dom frå Høgsterett frå 2018 om at reisetid kan vera arbeidstid, og peika på at kommunen ikkje kan ha reglar som er i strid med rettspraksis. For å tydeleggjera dette prinsippet valde rådmannen å gjera følgjande justering i det siste avsnittet i framlegget sitt til vedtak:

- Opprinneleg framlegg: *I eventuelle tilfelle der sentralt avtaleverk (særavtalar m.m.) har reglar som "overstyrer" reglane i Samnanger kommune sin praksis, vil reglane i sentralt avtaleverk gjelda.*
- Justert framlegg (endringane i forhold til det opprinnelege framlegget er utheva): *I eventuelle tilfelle der sentralt avtaleverk (særavtalar m.m.) **eller rettspraksis** har reglar som "overstyrer" reglane i Samnanger kommune sin praksis, vil reglane i sentralt avtaleverk/**rettspraksis** gjelda.*

Under debatten gav fleire av medlemmene uttrykk for at dei var usikre på om saka var godt nok utgreidd til at administrasjonsutvalet burde gjera vedtak. Rådgjevar Jan Erik Boge viste i samband med dette til det siste avsnittet i saksutgreiinga, der det går fram at administrasjonsutvalet kan utsetja saka dersom utvalet meiner det er nødvendig å få den utgreidd meir grundig.

Hilde M. Aarvik sette fram framlegg om følgjande endringar i forhold til rådmannen sitt opprinnelege framlegg:

- *Kulepunkt 2 vert teke vekk.*
- *I det siste avsnittet vert det lagt til at kommunen må følgja gjeldande rettspraksis.*

Monica Tjønnå (Sp) sette fram framlegg om å utsetja saka, men ho valde å trekka utsetjingsframlegget før det gjekk til røysting.

Hilde M. Aarvik trekte framlegget sitt.

Det vart til slutt berre røysta over rådmannen sitt justerte framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

ADM- 006/2019 Vedtak:

Samnanger kommune skal ha følgjande praksis for reisetid på tenestereiser utanom ordinær arbeidstid og ved deltaking på kurs/seminar/konferansar:

- Tilsette får ikkje kompensasjon (verken betaling eller avspasering) for reisetid på tenestereiser utanfor ordinær arbeidstid.
- Tilsette får ikkje kompensasjon (verken ekstra betaling eller avspasering) ved deltaking på kurs/seminar/konferansar som ikkje vert avslutta innanfor ordinær arbeidstid.

I eventuelle tilfelle der sentralt avtaleverk (særavtalar m.m.) eller rettspraksis har reglar som «overstyrer» reglane i Samnanger kommune sin praksis, vil reglane i sentralt avtaleverk/rettspraksis gjelda.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune skal ha følgjande praksis for reisetid på tenestereiser utanom ordinær arbeidstid og ved deltaking på kurs/seminar/konferansar:

- Tilsette får ikkje kompensasjon (verken betaling eller avspasering) for reisetid på tenestereiser utanfor ordinær arbeidstid.

- Tilsette får ikkje kompensasjon (verken ekstra betaling eller avspasering) ved deltaking på kurs/seminar/konferansar som ikkje vert avslutta innanfor ordinær arbeidstid.

I eventuelle tilfelle der sentralt avtaleverk (særavtalar m.m.) har reglar som «overstyrer» reglane i Samnanger kommune sin praksis, vil reglane i sentralt avtaleverk gjelda.